

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 1

Påska 2018

50 . årgang



*God påske!*



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVEVJERJE**  
Marie Bjørnødegård  
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011  
E-post: fellesraadet@etnedal.kyrkja.no  
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og  
fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
Marit Slettum  
tlf. 913 93 314  
E-post: soknepresten@etnedal.kyrkja.no  
Inga fast kontortid, men er ofte innom  
Tlf. 61 12 13 22  
Opptake ? Legg gjerne att beskjed  
Samtale ? Ring og avtal tid  
Måndag er prestens fridag



**ORGANIST**  
Serhiy Bykov  
tlf. 90 21 29 45  
E-post: organist@etnedal.kyrkja.no



**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR**  
Helena Wright  
tlf. 951 78 041  
E-post: helenals.wright@gmail.com



**KYRKJELYDSARBEIDAR**  
Ellen Oddveig Rudi  
tlf. 948 65 195  
E-post: ellen.rudi@oystre-slidre.kommune.no



**SAKSBEHANDLAR**  
Linda Mæhlum Robøle  
tlf. 957 64 900  
E-post: l.robøle@etnedal.kyrkja.no



**KYRKJETENAR**  
Nils Kjell Nilsen  
Tlf. 918 22 336

## KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,  
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal  
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
Kjell Fjeld, leiar  
tlf. 404 04 820  
E-post: kjell@fjellsbygda.no



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
Astrid Tollehaug, leiar  
tlf. 906 59 921  
E-post: astridtollehaug@bbnett.no



**ETNEDAL KYRKJELEGE  
FELLESRÅD**  
Ole Bergene, leiar  
tlf. 950 89 360  
E-post: Ole.bergene@hotmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
Redaktør: Marit Slettum  
Fast medarb.: Ingun Kompen

**Ekspedisjon:**  
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

**Bladpengar:**  
Kr. 200,- eller meir for året  
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-  
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla



## Bibelordet:

Han (Jesus) døydde for alle, så dei som lever, ikkje lenger skal leva for seg sjølve, men for han som døydde og sto opp for dei.  
2. Kor. 5, 15

## KYRKJE-VÅRDEN

### Kjære alle som les Kyrkjevarden!

Takk for pengestøtte gjennom betaling av blad-pengar og gåver til bladet vårt!

Ifylgje rekneskapen er det 316 som har betalt i 2017, 70 fleire enn i 2016, men langt under halvparten av alle som får Kyrkjevarden.

Rundt 620 ex blir lagt ut i postkassene her i bygda, og 160 utanom dalen får Kyrkjevarden. Vil du gi eit bidrag i år?

Bladpengar innanbygds, kr. 200, utanbygds kr. 250

De kan betale i Etnedal sparebank (treng ikkje blankett), direkte til kyrkjekontoret eller i nettbank. Bankgirnr. er 2140 20 14188.

Alle beløp blir takne imot med stor takk!

Helsing  
Kyrkjevarden  
Marit prest  
Redaktør

## Kirkens nødhjelp - fasteaksjonen



Solidaritetskveld på Bruflat menighetshus  
tysdag 20. mars kl. 18.00

Kristin Tepstad Eide frå Kirkens nødhjelp, Konfirmantane og presten deltek.

Servering – utlodding.  
Arr. : Diakoniutvalet

Les om fasteaksjonen på s. 14-15

## GUDSTENESTER I PÅSKA

Palmesøndag,  
25. mars  
Kl. 1100 Klubbhuset,  
Mosletta



Skjærtorsdag,  
29. mars  
Kl. 1100  
Etnedalsheimen  
Kl. 1900 Bruflat kyrkje

Langfredag, 30. mars  
Kl. 1100 Røde kors-hytta, Lenningen

1. Påskedag, 1. april  
Kl. 1100 Bruflat kyrkje

2. Påskedag, 2. april  
Kl. 1100 Nord-Etnedal kyrkje

Å se kornet vokse og blomstene folde seg ut, å puste tungt bak ploegen eller over en spade; å lese, tenke, elske, håpe og be – det er det som gjør folk lykkelige.  
*John Ruskin (1819 – 1900)*

Det finnes ingen utdanning som kan måle seg med motgang.  
*Benjamin Disraeli*

**Frist for stoff til neste Kyrkjevarden : 15. mai**

## Påskeandakt 2018

Mange alterbilder har påskemotivet med Jesus på korset. Oftest er motivene utformet slik at vi finner på siden av Jesus apostelen Johannes, og Jesu mor Maria. I følge evangeliet etter Johannes var det faktisk tre som het Maria ved Jesu kors: det var Jesu mor og morens søster som også het Maria. Dessuten Maria Magdalena.

Når vi ser slike bilder tenker vi sjølsagt mest på Jesu død og lidelse. Men det er samtidig noe annet som stiger fram: At Jesus ikke var alene da han døde. Riktig nok kjente han seg forlatt av Gud da han ropte ”Min Gud min Gud, hvorfor har du forlatt meg”. Men forfatteren av Johannes evangeliet ser noe mer. Det var noen der i hans siste time, til han hadde fullført det han skulle. Det var hans aller nærmeste og fortrolige. Jesu mor, den disippelen han hadde kjær, hans tante og Maria Magdalena.

Døden blir veldig ofte framstilt som det ensomste av alt. Vi fødes alene, og vi dør alene blir det sagt. Men er dette så sikkert? Når vi blir født, så er det hender som tar imot oss og beskytter oss. Uten denne omsorgen går vi til grunne.

Når min dødstime er der, så vil jeg at det skal



Oppdalen kapell, Foto : Ola Vikør Lunde



Solveig Fiske; Foto: Halvard Bjørkås

være noen der. Mine aller nærmeste. Døden er kanskje ikke så ensom som vi har trodd?

Det er et dobbelt håpsperspektiv knyttet til døden. Det ene er det å være omgitt av noen som viser en omsorg i dødens stund.

Det andre er knyttet til Jesu død, mot evigheten. Jesus fjernet seg ikke fra verdens lidelse og heller ikke fra det enkelte menneskets smerte. Han var i den og gikk inn i det ytterste rommet. Jesus var alltid til stede der verden led og enkeltmennesker opplevde smerte. Hans død er en hengivelse for oss, i kjærlighet. ”Ingen har større kjærlighet enn den som gir livet for vennene sine” står det i Johannesevangeliet.

«Død, hvor er din brodd? Død, hvor er din seier?» skriver Paulus i 1 Korinterbrev. I påsken åpner Jesus et nytt perspektiv på døden – det er opprettet et håp om at døden ikke lenger er siste stoppested. At selv om vi skulle dø i ensomhet, så er vi ivaretatt på den andre siden. Selv om vi skulle dø i ensomhet, er Jesu oppstandelse det lys som er tent for oss.

Jeg ønsker dere alle en velsignet påskehøytid!

Solveig Fiske  
biskop

## Påskedag

<sup>1</sup> Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdale-na og den andre Maria for å sjå til grava. <sup>2</sup> Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. <sup>3</sup> Han var som eit lyn å sjå til, og kle-da hans var kvite som snø. <sup>4</sup> Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. <sup>5</sup> Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. <sup>6</sup> Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! <sup>7</sup> Skund dykk av stad og sei til

læresveinane hans: ‘Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.’ – No har eg sagt det til dykk.» <sup>8</sup> Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. <sup>9</sup> Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. <sup>10</sup> Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»

*Matt 28,1-10*



## - Påsken varer til pinse!

**- For meg som kristen er påsken den største festen i året, sier biskop emeritus Ole Chr. M. Kvarme. Og påsken er ikke over når 1. påskedag er omme. Det er da det begynner!**

*Av Ole Andreas Husøy, KPK*

- Skulle jeg peke på én begivenhet som har forandret menneskehetens historie, må det være Jesu oppstandelse, sier biskopen.

At han er glad i påskehøytiden er det ingen tvil om. Selv har han hentet med seg impulser fra jødisk påskefeiring de årene han og familien bodde i Jerusalem, da Kvarme var leder for Caspari Senter for bibelske og jødiske studier. For en del år siden skrev han boken "Åtte dager i Jerusalem", som er en bok om Jesu påske, og om jødisk og kristen påskefeiring.

### Godt dokumentert

- Hva vil du si til dem som tviler på om begivenhetene i påsken i Jerusalem for snart 2000 år siden virkelig fant sted?

- Av alle begivenheter som det berettes om i historiske kilder, er Jesu oppstandelse en av de begivenheter som er godt bevitnet. Så vil kanskje noen påpeke at beretningene fra denne påsken i de fire evangeliene skiller seg noe fra hverandre. Og de vil kanskje mene at det gjør beretningen mindre troverdig. Men jeg mener tvert imot at akkurat slik som fire ulike personer i dag ville skildre samme begivenhet litt ulikt, slik var det også den gang. Variasjonene i

beretningene fra de fire evangelistene gir større troverdighet til det som formidles, sier Kvarme.

- Fortellingen om det som en gang skjedde, dreier seg også om at Jesus lever i dag. Vi kjenner ham som en levende frelser. Å feire påske, er derfor ikke bare å minnes noe som skjedde for 2000 år siden, men det er også å markere en levende realitet i dag, fortsetter han.

### Påsketradisjoner

- Mange land har rike tradisjoner i påskefeiring, som for eksempel Spania med store opptog. Her hjemme er vi vel fattigere på påsketradisjoner?

- Det kan nok sies. Derfor har jeg på forskjellig vis ønsket å bidra til en større bredde i påskefeiringen, også mer folkelighet, sier biskopen som fascineres av den store bredde i den katolske påskefeiring, og som sier han har lært mye også av jødisk påskefeiring.

- Hele påskens drama utspiller seg i konteksten til den jødiske påskefeiring. Ikke minst gjennom de årene jeg bodde i Jerusalem, har jeg fått kunnskap om den sammenheng Jesus stod i da han feiret sitt siste påskemåltid sammen med disiplene.

### Påske i Jerusalem

- Ja, hvordan var det å feire påske i Jerusalem?

- Det var stort å være i Jerusalem da påsken kom. Vi ble alltid invitert til et jødisk påskemåltid hos noen av våre naboer. Det var flott å kunne feire påske med de kristne kirkene i byen. Palmesøndag gikk



vi i prosesjon over Oljeberget, torsdag var vi i Getsemane.

### Påskemorgen

feiret vi nattverdmesse klokken 5 om morgenen på Oljeberget med alle de kristne menighetene i Jerusalem. Og vi hadde jødekristent påskemåltid med Messias-troende jøder.

- I boken "Åtte dager i Jerusalem" formidler du en del inntrykk fra denne feiringen?

- Ja, og jeg ønsker også å brette ut dag for dag det som skjedde i påsken. Ikke bare på palmesøndag, skjærtorsdag osv. Men også mandag, tirsdag og onsdag i den stille uke. Det skjedde noe spesielt hver dag, hendelser vi kan lese om i Bibelen. Den røde tråd er at Jesus nå framstår som Messias – som den lovede frelseren. Som kommer fra Gud og går inn i våre liv. Inn i mørket for å beseire døden for oss.

### Kirkene og påsken

- I julen, særlig på julaften, er norske kirker fylt til trengsel. I påkehøytiden er det ikke samme oppmøte?

- Det er riktig. Men kirken gjør noe med det, blant annet ved å arrangere gudstjenester, ofte i det fri, der folk befinner seg i påsken. For eksempel på fjellet. De senere år er det dessuten blitt en større bredde i feiringen av den stille uke i mange byer, også her i mitt bispedømme. Det kan være kirkekonserter, og mange menigheter arrangerer påskemåltid. Vi har langfredagsvandring og midnattsmesser natt til påskedag, sier Kvarme.

Han ønsker seg likevel en enda større bredde og fargerikdom i feiringen på litt sikt – gjerne med mer folkelighet i seg også.

- Men det kan være lettere sagt enn gjort. Julen er liksom enklere. Den er barnas høytid. Den stille uken og påsken handler om korset, graven og oppstandelsen. Det er litt vanskeligere stoff. Men det må også sies at mange barnehager og skoler kommer til kirke før påske, og jeg har vært på besøk i barnehager som har laget figurer i tilknytning til påskedramaet, sier han.

Kvarme ser det som en utfordring å hjelpe familiene og hjemmene til å markere påsken.

- Trosopplæringen bidrar i så måte. Her tenker jeg at vi kan være mer frimodige og frodige i bruken av symboler, og der kan barna trekkes med.

### Påsken varer til pinse

En vanlig oppfatning er at påsken er over når man er tilbake på jobb dagen etter 2. påskedag. Det er en oppfatning Kvarme gjerne vil endre på.

- Påsken er ikke over når 1. påskedag er omme. Vi har den stille uke fra palmesøndag til påskeaften. Påsken starter egentlig påskedags morgen, og den varer helt til pinse, i 50 dager. Pinseunderet er klimaks som avrunder påsketiden, forklarer biskopen. Han synes dette er en fantastisk tid i kirkeåret: - Påsken står i fornyelsens tegn. KPK



- Er det én begivenhet som har forandret menneskehetens historie, så er det Jesu oppstandelse, sier biskop Ole Chr. M. Kvarme. Foto: Ole Andreas Husøy.

## Påskekvis



1. Kor lenge varar den kristne fastetida?
2. Påskedag fell på ulik tid kvart år, kva styrer tidspunktet for påskedagen?
3. Kva minnst vi palmesøndag?
4. Og langfredag, kva minnst vi då?
5. Kven var det som dømte Jesus til døden?
6. Kven var det som gravla Jesus langfredag kveld?
7. Kven vart tvinga til å bere Jesu kross – då Jesus ikkje makta det lenger?
8. Kven sa : «Sanneleg, han var Guds Son» då Jesus døydde (Ikkje namn, snarare ein tittel)
9. Dei fyrste vitnane om oppstoda – kven var det?
10. Kven skreiv «Oppstodekapitlet» i Bibelen?
11. Kor lenge er det mellom påskedag og Kristi himmelfartsdag?
12. Når sa Jesus : «Eg er oppstoda og livet, den som trur på meg skal leva om han så døyrt?»
13. Kva for ei påskesalme er denne linja henta frå ; «Han lever, han lever ennå ...»?
14. Enn denne – «slukker sorgen til evig tid»
15. Kor er det gudsteneste i Etnedal på langfredag?

1. 40 dagar (frå askesøndag til påskedag)
2. Påskedag er fyrste søndag etter fyrste laurdag – minus søndagane)
3. Jesu innlegg i Jerusaleim, då det heilsefullmånne etter vårfjarnndøger)
4. Jesu død på krossen
5. Romeren Pontius Pilatus
6. Josef fra Arimathea og Nikodemus, ein av rådsheerrane.
7. Simon fra Kyrene
8. Ein romersk offiser
9. Kvinnene
10. Paulus, 1. Kor.15
11. 40 dagar
12. Før han vekte opp Lasarus frå dei døde.
13. Å sahige stund uten ikke
14. Påskemorgenen slukker sorgen
15. På Røde kors-hytta på Lemninggen

## Så kom du da til sist



Tekst : Ylva Eggehorn

*Så kom du da til sist, du var en fremmed,  
en sagnfigur man nok har snakket om,  
så mange hadde laget bilder av deg,  
du sprengte alle bilder da du kom!  
Vi tok deg frekt til inntekt for vårt eget  
og flagget med ditt namn i krig og fred,  
vi bygde katedraler høyt mot himlen,  
men du gikk hele tiden lengre ned.*

*Du er et barn som ligger på et jordguly,  
du fryser om vi ikke griper inn.  
Du tar på syke kroppor, hater urett  
og byr de elskende på moden vin.  
Du stiger ut av alle tomme graver,  
du er en vind som varsler : det blir vår!  
Du kommer som en flyktning over fjellet,  
du følger oss dit ingen annen når.*

*Du er den sang om livet som jeg glemte,  
den sannhet jeg forrådde dag for dag.  
Jeg svek meg selv; det speilet som jeg gjemte,  
har dine dybder, dine ansiktsdrag.  
Kom nærmere, og bli hos meg! Det mørkner,  
og kanskje lysner det igjen på ny.  
Ditt liv skal bære meg ; jeg hører trosten,  
som synger dagen inn for morgengry.*

«Så kom du da til sist» er ei relativt ny salme, skreiv i 1999, og omsett til norsk i 2006 av Øystein Thelle. Benny Andersson, kjent frå ABBA, har sett melodi til.

Eg hørde salma for fyrste gong i vinter. Både tekst og melodi rørte meg sterkt, særleg siste strofa ; «Ditt liv skal bære meg; jeg hører trosten, som synger dagen inn for morgengry.»

Marit prest



## «Mi salme»

Da jeg skulle velge meg en salme, var det mange jeg var innom før jeg valgte. Det er mange salmer jeg synes er veldig fine, og som jeg gjerne forbinder med spesielle hendelser i livet. Dette gjør at salmen får en ekstra betydning for meg.

Salmen jeg valgte meg er «Deg være ære». Denne salmen har jeg nok både hørt og vært med og sunget mange ganger tidligere. Det som imidlertid gjorde at jeg merket meg spesielt ved denne, var for tre år tilbake, da jeg var med konfirmantgjengen den gang, på konfirmantleir på Lillehammer. Da var det flere innslag gjennom helga, som var tilegnet lovsang. Da var hele gjengen samlet på tribunen i Håkons hall, og sammen med flott band og forsangere, sang vi blant annet denne salmen. Det var en mektig opplevelse, som gjorde inntrykk. Det skapte en følelse av samhold og hadde et optimistisk budskap.



Da årets konfirmantgjeng var av garde på den samme konfirmantleiren, var jeg ikke med, men satt og så søndagens gudstjeneste, livestreamet på nettet. Da ble denne salmen sunget på samme måten igjen. Jeg satt da hjemme i min egen stue, og opplevde å få mye av den samme følelsen som da jeg var til stede tre år tidligere. Det var en god følelse og et godt minne.

Til å velge seg en salme i neste utgave, utfordrer jeg min gode venninne Ingrid Sveen.

Liv Sonja Solbrekken

*DEG VÆRE ÆRE .....*

*(mel. G.Fr.Händel. Tekst A.Fjeldberg)*

*Deg være ære, Herre over dødens makt !  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se en engel kom,  
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom !*

*Refr. : Deg være ære, Herre over dødens makt !  
Evig skal døden være Kristus underlagt.*

*Se, Herren lever ! Salige morgenstund !  
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger ; Frelseren er her !  
Pris han, alle tunger, Kristus Herre er !*

*Refr. : Deg være ære....  
Frykt ikke mere ! Evig er han med.  
Troens øye ser det ; Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei.  
Evig skal han regjere, aldri frykter jeg.*

*Refr. : Deg være ære ....*



# Bibelens påske i norsk dagligtale

**Norsk dagligtale har mange ord og uttrykk som har sin opprinnelse i påskens bibelske hendelser.**

*Tekst og foto: Dag K. Smemo*

Sammen med bilder fra Jerusalem, stedet der det skjedde, nevner vi noen aktuelle ord og uttrykk, som for eksempel: Tretti sølvpenger, tretten til bords, hokuspokus filiokus og toe sine hender.

## Tretti sølvpenger

Vi kjenner uttrykket «Tretti sølvpenger», eller «Judaspenger». Det brukes gjerne som uttrykk for den betalingen en forræder tar for sitt svik. Judas var en av Jesu disipler. Han gjorde en avtale med overprestene om å vise dem hvor de kunne finne Jesus og ta ham til fange. For dette skulle han få tretti sølvpenger. Etter Jesu død angret Judas og kastet pengene inn i tempelet. Fordi pengene var blodpenger, kunne de ikke gå tilbake til tempelkassen. De ble derfor brukt til å kjøpe et jordstykke der en kunne begrave fremmede. Jordstykket fikk navnet Blodåkeren. (Matteus 26,14–16 og Matteus 27,3–10).

## Judas

En «Judas» er en forræder, som sviker sin venn. Et «judaskyss» er et forrædersk kyss, et forræderi fordekt som vennskap. Etter Jesu disippel, Judas Iskariot, som for tretti sølvpenger forrådte Jesus og viste øversteprestene hvor de kunne finne Jesus i Getsemanehagen skjærtorsdag. Han hadde avtalt et

tegn med vaktene: Den jeg kysser, han er det. Grip ham! Hos evangelisten Lukas sier Jesus om dette kysset: Judas, forråder du Menneskesønnen med et kyss? Kunstnere fremstiller ofte judaskysset som et kinnkyss, men kanskje var det et håndkyss. Man pleide å hilse folk med et kyss på hånden eller foten for å vise ærbødighet. (Matteus 26,48–49 og Lukas 22,48).

## Tretten til bords

Mange mener at Jesu siste nattverd ble holdt i en sal omtrent som denne i Jerusalem. Fra dette kveldsmåltidet har vi uttrykk i vår dagligtale. To av de mest kjente er kanskje «tretten til bords» og trylleformularen: «Hokuspokus filiokus».

Gammel overtro sier at det brakte ulykke å være «tretten til bords». Det stammer nok fra Jesu siste måltid med sine disipler skjærtorsdag. Judas var nummer tretten, og han gikk bort og forrådte Jesus. For mange er det fortsatt skremmende å være «tretten til bords».

## Hokuspokus

Uttrykket «Hokuspokus, filiokus» kjenner vi som et trylleformular. Det er ikke et bibelsitat, men har sitt utspring i bibelteksten om Jesu siste måltid med sine disipler. Uttrykket er opprinnelig en forvrenging av innledningsordene til Jesu siste måltid, i kirkenes nattverdliturgi på latin: Hoc est corpus meum som betyr: Dette er mitt legeme. Mens filiokus kommer av ordet filioque som betyr: og sønnen. (Matteus 26,17–26 og Lukas 22,14–23).

## Tornekrone og Ecce homo

«Tornekrone.» Jesus ble korsfestet, men først ble han pint og plaget. Slik beskriver Matteus dette: De tok av ham klærne og hengte en skarlagensrød soldatkappe på ham, flettet en krone av torner og satte den





på hodet hans, og stakk et rør i hans høyre hånd. Uttrykket «Ecce homo» brukes i kunstspråket for å betegne bilder med den tornekrone Kristus. Latin for: «Se det mennesket.» Slik sa Pilatus da han hadde fått Jesus pisket og ydmyket, og før dødsdommen ble avsagt.

#### **Toe sine hender**

Da hadde Pilatus først «Toet sine hender», som det het i eldre bibeloversettelser. Et uttrykk som sier noe om at en fraskriver seg ansvaret for noe. Det sa Pilatus etter at han har avsagt dødsdommen over Jesus, men skylder på jødernes ledere og fraskriver seg ansvaret. Å vaske hendene var en gammel skikk, omtalt i Det gamle

testamentet, det ble benyttet for å fraskrive seg ansvar eller skyld eller erklære sin uskyld i noe. Mest kjent, og fremdeles brukt, i de gamle formene: «toe sine hender» eller «tvette sine hender» (1904-oversettelsen). I ny oversettelse heter det: «vaske sine hender». (Matteus 27,24–29 og Johannes 19,5). KPK



## Tidskrukka



Ein professor i psykologi stod framfor studentane sine og viste fram ei stor glaskrukke. Han fylte krukka med steinar så store som tennisballar. Han spurde studentane om krukka var full, og fekk eit samstemt ja til svar.

Deretter kom han med steinar store som valnøtter, og fylte dei i krukka. Dei små steinane sneik seg mellom dei store. Endå ein gong stadfesta studentane at krukka var full. Så slo professoren sand i krukka. Sanden fann vegen mellom steinane.

- No då? undra professoren.  
- No er ho stappfull, ho rommar ikkje meir, sa studentane.

Professoren henta to koppar kaffi og slo i krukka. Kaffien vart sogen opp av sanden.

Professoren forklara:

- Eg vil få dykk til å skjone at denne krukka er som livet dykkar, dagar og netter. Dei store steinane symboliserer dei viktigaste tinga i livet dykkar: familie, venner, helse og anna de set pris på. Om de mistar alt anna enn dette, er livet framleis vanleg og meiningsfullt. Steinane i valnøtt-storleik er mindre viktige ting i livet, som bil, hus og arbeid. Slikt kan erstattast om de mistar det. Sanden representerer resten av dei små tinga. Men merk dykk ein ting: Om de har plassert sanden i krukka fyrst, får de ikkje plass til store og små steinar. Sand må aldri prioriterast. Om de brukar all energi på slikt som sanden representerer, små og unødvendige ting, vil de ikkje ha plass til dei store. Difor må de gje mest merksemd til det som lykka deira er avhengig av.

Professoren stoppa. Alle forstod likninga.

- Men kva representerer kaffien, ville ein av studentane vita.  
- Kaffien signaliserer at same kor travelt du har det, vil du alltid ha tid til ein kopp kaffi saman med andre, smilte professoren.

Etter Walid al-Kubaisi

## Ønskedikt



Jeg har egentlig ikke noe sterkt forhold til dikt og poesi, men dette er et dikt som har brent seg fast i minnet. Tror nok vi lærte dette på barneskolen. Da var det kanskje mest litt rart eller morsomt.

Dette er skrevet i 1971, men budskapet i diktet er fortsatt like aktuelt. Vi skal godta oss selv – akkurat som vi er, og vi skal ikke prøve å være noe vi ikke er. Mange har problemer med å tørre og være seg selv. Mauren derimot, han har godtatt seg selv!  
Er du større og bedre enn deg selv kanskje??

Neste gang vil jeg utfordre Marte Evensen til å skrive om et dikt i Kyrkjevarden.

**Mauren**  
*Inger Hagerup*

«Mauren»  
Liten?  
Jeg?  
Langtifra.  
Jeg er akkurat stor nok.  
Fyller meg selv helt  
på langs og på tvers  
fra øverst til nederst.  
Er du større enn  
deg selv kanskje?



# Work-shops og ungdomsgudsteneste i Bruflat kyrkje

Laurdag 20. januar var det liv og røre i kyrkja nesten heile dagen. Ein engasjert konfirmantflokk saman med to av fjorårskonfirmantane, Øyvind Telstø og Daniel Nyseth øvde til ungdomsgudstenesta på kvelden.

Dei to sistnemnde, som spelar trommer og gitar, fekk hjelp av to musikarar frå Oslo, Sverre Undheim på tangentar og Martin Ulltang på bassgitar. I løpet av dagen fekk vi eit «kyrkjeband» i godt samspel.

Konfirmantane fekk to lovsangar dei skulle lære, så dei trakk seg tilbake til dåpssakristiet i fleire bolkar saman med Liv-Helene Slettum Sivertsen, som til dagleg er freelance sanger. Innimellom hadde dei øvingstid saman med bandet.

Nokon hadde leseoppgåver, og to var med kyrkje-tenar Nils Kjell i tårnet. Dei ringte både inn til gudstenesta, og slo dei ni slaga til slutt.

Vi hadde middag saman, og vi rakk det vi hadde planlagt, så alt var klart då gudstenesta starta kl. 18.

Ungdomsgudsteneste med kyrkjeband slo godt an, så vi vonar på ei gjentakning snart!

**Ein av lovsangane vi lærte ;**  
Aldri går du fra meg

Tidene skifter – Du er konstant  
Selv når det stormer – er Du som fjell



*Konfirmantane imponerte med sang etter kort øvingstid*



*Bandet, Martin Ulltang, (som spelar i ulike band og på andre arenaer) Daniel Nyseth, Liv-Helene Sivertsen, Øyvind Telstø og Sverre Undheim*

Tilværelsen hviler trygt i Din hånd,  
Du har kontroll Du kjenner mitt indre,  
Du vet hvem jeg er

Stykke for stykke – ledes jeg fram  
Ser ikke fullbrakt, men har fått glimt  
Av noe større, bedre enn det jeg kjenner til  
Kom med Ditt rike, la Din vilje skje

Jeg tror at Dine løfter står fast  
Jeg tror at Du har kommet nær  
Jeg tror at Du vil være med meg her,  
Hos Deg søker jeg ly

Mektig Gud og majestet!  
I evighet!  
Dine løfter vil stå fast,  
de fører, meg hjem!  
For selv når tvilen rår,  
er Du den samme Gud!  
Aldri går Du fra meg!

Aldri går Du fra meg!  
Aldri går Du fra meg!  
Aldri går Du fra meg!  
Aldri går Du fra meg!  
Aldri går Du fra meg!

# Kirkens nødhjelp – fasteaksjonen

## 18.-20. mars



**JA, VI ELSKER  
DETTE VANNET**

### Hva er Fasteaksjonen?

For over 50 år siden bestemte menighetene i Norge seg for å ha en årlig innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt internasjonale arbeid. Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Norge, - etter TV-aksjonen. Aksjonen er lagt i en tid av kirkeåret som heter fastetiden. Fasten varer i 40 dager helt fra askeonsdag, men selve Fasteaksjonen arrangeres over hele landet søndag til tirsdag før palmesøndag.

### Hva går pengene til?

Tema for Fasteaksjonen 2018 er Kirkens Nødhjelps arbeid med vann og sanitær i utsatte områder omkring i verden. Aksjonspengene som ble samlet inn i fjor har blant annet gått til å gi kongolesiske flyktninger vann og latriner i flyktingleirene i Angola. Her kan du les om Djedo, en av mange som har fått hjelp av Kirkens nødhjelp.

### Når er fasteaksjonen og hvordan kan jeg bidra?

Konfirmantane våre går med bøsser innenfor tidsrommet søndag 18.- tirsdag 20. mars.

Gi et bidrag når bøssebærerne kommer på døren.

Gi en gave ved å Vippsse et valgfritt beløp til 2426, eller send en SMS med kodeordet GAVE til 2426 (200 kr).

### Tirsdag 20. mars kl. 18.00 er

**“rettferd i verda” tema på en solidaritetskveld på Bruflat menighetshus**

Regionkonsulent i Kirkens nødhjelp Kristin Tepstad Eide kommer, det blir servering og utlodning til inntekt for fasteaksjonen.

Diakoniutvalget er arrangør, og konfirmantene og presten blir med på arrangementet.

### Om Kirkens Nødhjelp:

I 1947 strakte norske menigheter ut en hjelpende hånd til Tysklands sivile ofre. Slik ble Kirkens Nødhjelp født. Nøden kjenner fortsatt ingen grenser, vi møter den med grenseløs nestekjærlighet. I dag jobber vi i mer enn 30 land.

### REDDE LIV - her og nå

En katastrofe rammer alltid de fattigste hardest. For lite vann og forurenset vann tar ofte flest liv. Derfor er Kirkens Nødhjelp først på plass med blant annet rent vann. Sammen redder vi liv og beskytter de mest sårbare.

### FORANDRE LIV - langsiktig

Å være fattig er å mangle muligheter. Der utfordringene er, finnes også ofte de beste løsningene. Varig tilgang på rent vann er én av dem. Sammen hjelper vi mennesker å finne sin egen vei ut av fattigdommen.

### FORANDRE VERDEN - varige endringer

Fattigdom er urettferdighet. Det er nok rent vann og mat til alle, men spillereglene gjør de rikeste rikere og de fattigste fattigere. Sammen kan vi gi de stemmeløse en stemme der beslutningene tas.

Derfor har Fasteaksjonen også alltid en kampanje, hvor ungdom kan engasjere seg og skape en varig endring: Les mer her om årets klimakampanje på Kirkens nødhjelp si hjemmeside: [www.kirkensnodhjelp.no](http://www.kirkensnodhjelp.no)



*Fjorårskonfirmantar på fasteaksjonsdagen ; Øyvind Telstø, Caroline Tidemandsen Kompelien og Sander Bekim Åmodt*

## På jakt etter vann

Djedo er fem år, men han er storebror til hele tre søsken. Og han liker å hjelpe småsøsknene sine. Noe av det gøyeste Djedo vet er å bli med mamma og hente vann i brønnen.

Djedo og familien bor i et telt. Han bor ikke i telt fordi han vil, men fordi han måtte flykte fra en krig. Teltet til Djedo og familien står i en flyktningleir i et land som heter Angola. Men Djedo kommer fra nabolandet Kongo. Familien hans måtte flykte da en krig startet i Kongo. Da gikk de til fots i flere dager gjennom en kjempestor skog.

### Lastebil med vann

Djedo vet ikke hvorfor det er krig i Kongo, men pappa forteller det er fordi det er flere som ikke liker det presidenten gjør. Og de mener de ikke blir hørt av politikerne. Så derfor har de startet en krig.

Djedo og familien klarte å komme seg unna krigen, og nå er de trygge i flyktningleiren der de altså bor i et telt. I flyktningleiren er det bygd en stor vanntank som hver dag blir fylt opp med vann. Det kommer en stor lastebil som er fylt med vann, og som fyller opp vanntanken. Tre ganger om dagen kan Djedo og alle de andre i flyktningleiren komme med vannkanna si og fylle den opp med rent vann.

Da Djedo og familien var på flukt i

skogen hadde de ikke rent vann. Da var det mange som ble syke i magen. Djedo manglet også mat og gode klær. Det å være på flukt kan være skummelt og vanskelig. Derfor er det bra at han nå får bo i en flyktningleir hvor det både er vann, mat og et sted å kjøpe litt utstyr.

### Superhelt

Selv om Djedo bare er fem år, så går han på skolen. Og det synes han er kjempegøy. Mange av de som er på flukt får ikke gå på skole, men det får Djedo. Og på skolen lærer han et språk som heter portugisisk. Det språket snakker de i Angola, der Djedo bor nå. I tillegg synger de på skolen, og det liker han godt.

Noe av det gøyeste Djedo vet er å spille fotball, gjerne med småsøsknene, også likar han å lekeslås med lillebror. Og når de er ferdige med å leke, drikker de vannet som Djedo har hentet. Djedo er en superhelt som sørger for at både han og søsknene kan drikke rent vann.



# Pilegrim i Valdres til sommeren?

For trettende gang arrangeres en fellesvandring for pilegrimer gjennom Valdres, fra Hedalen stavkirke til St. Thomaskyrkja på Filefjell. Vandringsleden tar 8 dager. Den går gjennom fire kommuner. Du får se fem stavkirker, tre middelaldersteinkirker, fire Olavsminner, og du får oppleve den vakre Valdresnaturen i sakte tempo.



Dette er ingen opprinnelig pilegrimsled, men St. Thomaskyrkja var et viktig pilegrimsmål i middelalderen.

«Må din vei komme deg i møte» Sang utanfor Slidredomen.

«Vinden fra vest blåste gjennom Valdres da sagnet om Sunniva på Selje kom over fjellet, da biskopen i Svithuns-kirken i Stavanger var vår biskop, og da Thomas av Canterbury ble skytshelgen på Filefjell. Keltisk åndstradisjon med helliggjøring av naturen var en bærende kraft i kristningen av Valdres, og

levde videre her.» Dette leser vi i brosjyren om sommerens fellesvandring.

Vandringsleden begynner med samling på Solheimen i Hedalen fredag 29. juni, og avsluttes på Filefjell lørdag kveld, 7. juli. Dersom du blir med, vil du på det tidspunkt være en stor opplevelse rikere!

Overnatting, mat, noe felles kjøring, frakt av bagasje, følgebil er inkludert i prisen. Du vandrer med en liten dagstursekk. Her er turledere og pilegrimsprest.

Kontakt Pilegrimsfellesskapet St. Thomas på e-post [trondoi@online.no](mailto:trondoi@online.no) eller [jbjahnsen@gmail.com](mailto:jbjahnsen@gmail.com) for flere opplysninger, og evt. påmelding.

Hans Enger



Velkommen inn på pilegrimsvegen



Trufast vandringsleiar Jan Børe Jahnsen



# Dåp i Nord-Etnedal kyrkje



Foreldra Mikal og Elin Hestekind med barna Oda, Embrik og dåpsbarnet Malin.  
Marit prest, fadrane Sissel Bergsbakken og Eivind Hestekind

## Valdres Misjonsforsamling Bruflat menighetshus Møteplan vår 2018

Søndag, 18. mars  
kl. 17:00. Kari Helene Haugen  
Langfredag, 30. mars.  
kl. 17:00. Ernst Jan Halsne  
Søndag, 15. april  
kl. 17:00. Anbjørn Neerland  
Kristi himmelfartsdag, torsdag 10. mai  
kl. 17:00. Samling på Dokka Bedehus.

## Juniorgjengen, Steinsetbygda- Møteplan vår 2018

Onsdag, 21. mars. kl. 17:00. Påskemøte.  
Påskeleir på Åreld, 24. – 27. mars.  
Aldersgruppe: 2.-7. klasse.  
Onsdag, 04. april. kl. 17:00.  
Onsdag, 18. april. kl. 17:00.  
Onsdag, 02. mai. kl. 17:00  
Lørdag, 26. mai. kl. 15:00.  
Junior-gjengens 70 års jubileum.

## Slekters gang

# DØYPTE



Nord Etnedal kyrkje  
Malin Hestekind

10. desember 2017

# DØDE



### Bruflat sokn

Kristian Hansebråten  
Odd Cato Rønsmoen  
Gustav Myrheim  
Rita Stenersen  
Ragnhild Espelien  
Birger Arnold Larsen



Frå møte i Juniorgjengen

## Prestens hjørne

Eg er litt over snittet interessert i kyrkjer, og har ikkje tal på alle eg har oppsøkt både her i Noreg og i andre land. Det er sjølvsagt bonus om det er gudsteneste, - og sjølv om eg ofte ikkje forstår orda som blir sagt, kjenner eg nesten alltid att Fadervåret, lesingane, nattverdliturgien og velsigninga. Dessutan er det godt å oppleve den kristne fellesskapen, og fint å be Fadervåret, til dømes i Peterskyrkja i Roma, når ein høyrer mange ulike språk i benkene ikring seg – og norsken min kling naturleg saman med alle dei andre.

Og sjølv om det ikkje er gudsteneste, er dei ulike uttrykka i kyrkjekunsten talande nok i seg sjølv.

Eg kunne fortalt om mange opplevingar eg har hatt, men eg skal nøye meg med to.

### San-Damiano-krossen i Assisi

Krossen i Klara- kyrkja i Assisi. Opprinneleg hang denne bysantinske krossen i San-damiano-klosteret i byen. Det var framføre denne krossen at Frans av Assisi fekk sitt livskall. Gud let han forstå at han skulle vere med å bygge opp at Guds kyrkje. Han trudde det handla om vedlikehaldsarbeid i klosterkyrkja, og pengar hadde han nok av, så det lot seg ordne, men det var eit anna kall Frans etter kvart fekk sjå. Han skulle vere tiggarmunk mellom dei minste, gav avkall på alt det materielle, og heldt nestekjærleiksbodet og Jesu førebilde høgast i sitt liv. Frans fekk mange fylgjarar i si samtid, og inspirererar kristne den dag i dag. San-Damiano-krossen vart etter kvart flytta opp i Klara-kyrkja i Assisi, der vi no kan sjå han. Jesu Kross har noko å fortelje oss alle, om våre liv og om våre val.

Krossen er eit mysterium. Det er umogeleg å forstå at Jesu død, som såg ut som eit stort nederlag, vart starten på noko nytt og grensesprengande. Etter oppstoda framsto krossen som sigersymbol. Det stengde Paradis vart opna opp att då Gud Fader let Sonen gå i døden for vår skuld, og forsona verda med seg sjølv. Hundrevis av år før den dramatiske påska i Jerusalem hadde Jesaja profetert :

«Men han vart såra for våre brot, knust for våre synder. Straffa låg på han, vi fekk fred, ved hans sår vart vi lækte.» Jesaja 53,5

### Sacre-Coeur i Paris

Sacre Coeur er eit spesielt namn på ei kyrkje, det heilage hjartet. Eg er veldig berørt av takmåleria i denne kyrkja. Over heile hvelvingen framme i koret, tronar den oppstadne, det heilage hjartet er måla utanpå den kvite kappa til den sigrande Kristus. Eit sterkt motiv som fortel noko om den kjærleiken som drev Jesus i døden for oss.

Gullet og gulfargen er symbol på æva.

Den evige tronar – med opne armer, og små og store strekker seg mot Frelsaren.

«Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå ei døde» 1. Peters brev 1,3

Signa god påskehelg!

Hjarteleg helsing

Marit prest



Takmåleri i Sacre Coeur-kyrkja på Mont Martre i Paris (La Basilique du Sacré-Coeur)



San-Damiano-krossen i Klara-kyrkja i Assisi (Basilica di Santa Chiara)

**25. mars – Palmesøndag***Preiketekst : Matt. 26, 6-13*

Kl. 11.00 Klubbhuset, Mosletta.  
 Solveig Grandhagen talar.  
 Takkoffer til Norsk Luthersk  
 Misjonssamband

**29. mars – Skjærtorsdag***Preiketekst : Luk. 22, 14-23*

Kl. 11.00 Etnedalsheimen. Nattverd-gudsteneste.  
 Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd-gudsteneste

**30. mars – Langfredag**

Kl. 11.00 Etebu, Røde-korshytta,  
 Lenningen. Påskeandakt  
 Takkoffer til Etnedal  
 Røde kors hjelpekorps

**1. april – Påskedag***Preiketekst : Matt. 28, 1-10*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste.  
 Nattverd.  
 Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.

**2. april - 2. Påskedag***Preiketekst : Luk. 24, 36-45*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Høgtidsgudsteneste.  
 Nattverd.  
 Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.

**8. april - 2. søndag i påsketida***Preiketekst : Joh. 21, 15-19*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Barnas påsegudsteneste.  
 Nattverd.  
 Takkoffer til IKO-  
 Kirkelig utdanningscenter

**15. april – Inga gudsteneste****22. april - 4. søndag i påsketida***Preiketekst: Joh. 13, 30-35*

Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Sang-gudsteneste.  
 Takkoffer til Norea mediemisjon

**29. april – Inga gudsteneste****Tysdag 1. mai***Preiketekst : Luk. 14, 12-14*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.  
 Takkoffer til Norsk Folkehjelp

**6. mai - 6. søndag i påsketida***Preiketekst: Matt. 7, 7-12*

Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje

**10. mai – Kristi himmelfartsdag***Preiketekst: Luk. 24, 46-53*

Kl. 1100 Svilosen krins  
 Takkoffer til Institutt for sjelesorg

**13. Mai - Inga gudsteneste****17. mai***Preiketekst: Matt. 22, 17-22*

Kl. 1030 Bruflat kyrkje. Familie-gudsteneste  
 Konfirmantane deltek.  
 Takkoffer til kyrkjelydens  
 barne –og ungdomsarbeid

**20. Mai – Pinsedag***Preiketekst: Joh. 14, 15-21*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Høgtidsgudsteneste.  
 Nattverd.  
 Takkoffer til Menighetsfakultetet.

**21. mai - 2. pinsedag***Preiketekst : Joh. 6, 44-47*

Kl. 11.00 Brusveen grendehus. Pinsegudsteneste.  
 Nattverd. Takkoffer til Norsk Luthersk  
 Misjonssamband.

**27. Mai – Treeinighetssøndag**

Kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Samtale-gudsteneste.

**3. Juni - 2. søndag i treeinighetssøndag***Preiketekst: Luk. 10, 21-24*

Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Konfirmasjon. Nattverd.  
 Takkoffer til Frelsesarmeen

**10. juni - Inga gudsteneste****17. Juni - 4. søndag i treeinighetstida***Preiketekst: Matt. 16, 24-27*

kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
 Takkoffer til Frelsesarmeen.

Med atterhald om evt. endringar.

Gudstenestene blir kunngjort i avisa Valdres.

## DEN ANNSAME

Han har ikkje stund til å stogge  
og ikkje tid til å sjå.  
Menneske som han møter,  
dei ansar han aldri på.

Mangt har han å rekkje over.  
Det gjeld um å fara fort.  
Mykje var det å gjera.  
Det auka dess meir han fekk gjort.

Så lid det til endes med dagen.  
Han står der, studd over stav  
og spør: Kva har livet gjeve  
og kvar har det vorte av?

Slik jaga han gjennom livet  
utan å få det fatt.  
Ei glede sprang etter på vegen  
men nådde han aldri att.

*Jan-Magnus Bruheim*